

Årsmøte i Fjærland bygdalag 2026

24. februar 2026 kl. 20, Fjærland bygdahus

1 Velkommen

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Val av ordstyrar: Eivind Ødegård

Val av referent: Grete Mundal

Val av to til å skriva under protokollen: Aleksander Bøyum og Gunnar Bøyum

2 Årsmelding

Årsmeldinga vert lesen opp av Eivind. Spørsmål om parkeringsnemda. Den er avslutta og arbeidet er lagt over på administrasjonen i kommunen. Infobladet til BU må nemnast i årsmeldinga.

Årsmeldinga vart godkjent med denne endringa.

3 Årsrekneskap

Eivind les opp utdrag frå årsmeldinga. BU har 647 885,- kr på konto. Rekneskapen vart godkjent utan innvendingar.

4 Informasjon frå Arnold-stiftinga

Gunnar Bøyum, leiar i stiftinga fortel kort om grunnlaget til stiftinga. Framtidige medlemmer i styret vert valde på årsmøte til BU, dei vert valde for fire år. Vedtektene til Arnoldstiftinga vert lagt ut på heimesida til BU. Laura sit som rekneskapsføraren til stiftinga. Styret har laga til ein arbeidsplan ut frå testamentet til Arnhold. Bygdautvalet har rett til å uttale seg om punkta i arbeidsplanen, men det er styret i stiftinga som sit med den endelege avgjersla. 31. mars og 30. sept vert søknadsfristane, ein får svar på søknadane sine to månadar innan søknaden er fullstendig. No i 2026 vert søknadsfristen 30. april. Det må vere konkrete og reelle planar for at ein skal få innvilga støtte. Dersom næringsdrivande vil søkje om støtte må dei stille med ein eigenkapital på 50% utbetalingane vert delt i to, ein for å starte prosjektet og ein når prosjektet er ferdigstilt. Grensa er sett på 500.000,- for støtte til tiltak.

Det vil kome meir info om søknadsfristen og korleis ein søker på Facebooksida Fjærland 2026, og på heimesida til BU.

5 Innkomne saker

5.1 Korleis skal bygdautvalet få påverknad i saker som gjeld Fjærland?

Forslag om at me oppfordrar kommunen til å ha møter med BU regelmessig, og at me seier til kommunen at me ønskjer saker tilsendt slik at me rekk om oss og kan arbeide for bygda. Fast møteplan med administrasjonen. Me treng fleire fjærlendingar representert i kommunen, ein

oppfordrar til å stille seg på politiske lister. Ideen er allereie lufta litt i kommunen, og dei er ikkje framande for ei slik løysing.

Forslag til vedtak : Me ber kommunen om fast møteplan, rutine for at relevante saker blir sendt til bygdeutvalet, og ei lita ordning med nærmiljømidlar/bygdepott som kan prioriterast lokalt.

Vedteke slik det står.

5.2 Tomtesituasjonen i Fjærland

Komande arealplan er på høyring. Ein oppfordrar dei som sit på tomter og areal som er avsette til tomter til å bidra til utvikling for Fjærland. Ein kan t.d. søkje Arnoldstiftinga om støtte til å regulere eit område og utarbeide eit bustadfelt.

5.3 Framtida for bygdeutvalet

Minne alle på at kva bygdeutvalet jobbar med, bygdelaget består av alle som bur i Fjærland, der alle over 15 år har stemmerett eller kan sitje i utvalget. Me bed alle fjærlendingar om å prate med ungdomane sine om kva bygdelaget er.

6 Val

Eivind Ødegård - Leiar, tek ikkje attval. Valnemda si instilling Eline Orheim

Inna Jorddal og Ivar Erlend Waatevik er ikkje på val.

Grete Mundal - medlem, på val

Hilde Mauritzen – tek ikkje attval. Valnemda si instilling Maryan Georgsdotter Mundal, Johannes Eggen Mundal.

Inge Rauboti – vara. Stille ikkje til val. Instilling Marit Fredrikke Henningsen

Eline Orheim vart vald til leiar for eitt år ved akklamasjon.

Det vart gjennomført skriftleg val av 2 fast sitjande medlemmer i 2 år. Grete, Maryan og Johannes var kandidatar. Maryan og Grete vart valde inn for 2 år.

Skriftleg val for vara, kandidatar Johannes og Marit. Marit vald som vara for 1 år.

Hilde Mauritzen vert valt som ny i valnemda for 3 år. Jarle Mundal går ut. Sven Bjåstad (leiar, 1 år) og Torstein Solli-Supphellen (2 år) sit òg som medlemmer i valnemda.

Hanne Haugen og Anne Mundal Skjelten vart valde til revisorar ved akklamasjon.

Arnholdstiftinga

Gunnar Bøyum, Arne Skjelten, Aamund Mundal, Laura Kvamme og Monica Strømmen Skeide vart valde ved akklamasjon til styret i Arnoldstiftinga STI, med slik funksjonstid som går fram av stiftingsdokumentet til stiftinga.

7 Arbeidsplan

Arbeidsplanen er delt i to; med faste oppgaver og oppgaver for komande året. Årsmøtet vedtok denne arbeidsplanen for 2026-27:

Faste arbeidsoppgaver

BU vil arbeide for å auke folketalet i Fjærland

BU vil arbeide for at viktige saker for Fjærland vert tekne med i planverk og budsjett for Sogndal kommune

BU vil ha eit positivt samarbeid med næringsaktørar i Fjærland og interessentar som vil bidra til utvikling i bygdi

Nemndstrukturen (som Liv og Lyst, stinemnd og sykkelbygdi) er viktige for gjennomføring av arbeidsplanen

Gjennomføre faste møte med Sogndal kommune etter oppsett plan

Arbeidsoppgaver for 2026-27

BU vil arbeide for ein miljøstasjon for fritidsbustader, landbruk og glas-/metallavfall frå reiselivsnæringa

BU vil medvirke til utvikling av småbåtanlegget i Mundal

BU vil arbeide for at innfallsportane til Fjærland vert i samsvar med bygdi si interesse

BU vil at same miljøkrav skal gjelde for kommersiell cruisetrafikk i Fjærlandsfjorden som i verdsarvfjordane

Arbeide for å omgjera sakene om

- valkrins og

- skulekrins i Fjærland

Arbeide for å oppretthalde og utvikle kollektivtilbod i Fjærland

Årsmøtet ynskte å prioritere dei utheva punkta. Punkt som vert tekne vekk frå førre årsplan: Drivstoffannlegg og wifi i småbåthavna. Fyrstnemnde kan ikkje fullførast grunna planverket, og sistnemnde er fullført i arbeidsåret.

Møtet slutt ca. kl. 22.11

Ref. Grete